



Korpset har øvingsseminar i helga(Foto: Lene B. Taranger)

Vi minner om at det er skulemusikkbasar i aktivitetshuset i ettermiddag kl.16. Arrangørane melder at dei skal setja fram eit flott og rikhaldig kakebord, og dermed passar det perfekt å ta farsdagskaffien der. Kaffi og kaker er gratis, men brus må dei ta betalt for. Klatregruppa melder samstundes at det på grunn av basaren ikkje er klatring i veggen i ettermiddag.

I tillegg byr programmet på to omgangar med åresal og ein runde med sal av lodd frå talongbøker. Arrangørane melder at dei har fått inn veldig mykje fine gevinstar så her ligg det til rette for mykje spenning.

Musikk vert det og. Vi gleder oss til å høyre skulemusikken som er i flott utvikling, og som har finpussa forma med seminar i helga.



Korpset kosar seg med pizza under lunsjen på seminaret på lørdag(Foto: Lene B. Taranger)
Det ligg godt til rette for ein særskilt koseleg farsdagsettermiddag i aktivitetshuset.
TID.